

**Til Norges Bank**

23.06.2020

**Tilråding om observasjon av Kirin Holdings Co Ltd**

## **Samandrag**

Etikkrådet tilrår å sette Kirin Holdings Co Ltd (Kirin) til observasjon under kriteriet om alvorlige krenkingar av individ sine rettar i krig og konfliktsituasjonar i retningslinjene for observasjon og utelukking frå Statens Pensjonsfond Utland. Tilrådinga gjeld Kirin sitt forretningsamarbeid med militæret i Myanmar.

Kirin er eit japansk holdingselskap med fleire datterselskap som hovudsakleg har verksemd innan drikkevareproduksjon og farmasi. I Myanmar opererer selskapet gjennom datterselskapet Kirin Holdings Singapore Pte Ltd. Dette datterselskapet er med i to fellesføretak med militærkonglomeratet Myanmar Economic Holdings Limited (MEHL).

Militæret i Myanmar har gjort ekstremt grove overgrep mot sivilbefolkninga i landet. Overgrep inkluder vald mot og drap av barn og vaksne, gruppevaldtekter, tortur og brenning av heile landsbyar. Svært mange av offera høyrer til den religiøse minoriteten rohingyaane. På grunn av grovheita og omfanget av normbrota er dei ansvarlege aktørane under etterforsking for brotsverk mot menneskeheita, krigsbrotsverk og folkemord.

Kva gjeld selskapet sin medverknad, legg Etikkrådet til grunn at selskap som opererer i konfliktområder, må vere særleg aktsame. Rådet byggjer vidare på FNs granskingsgruppe si fråsegn om at forretningsamarbeid med MEHL utgjer ein høg risiko for å medverke til brot på menneskerettane og internasjonal humanitarrett. Forretningsamarbeidet med MEHL kan også verte oppfatta som ei legitimering av militæret si framferd. Kva gjeld framtidig risiko, byggjer rådet på fråsegner fra FNs granskingsgruppe om at det er ein betydeleg risiko for nye overgrep frå militæret si side.

Kirin har gitt uttrykk for at dei tek situasjonen på alvor, og selskapet har hatt fleire møter med MEHL for å drøfte menneskerettssituasjonen i Myanmar. Kirin har vidare opplyst at selskapet vurderer å gjere endringar i verksemda si i Myanmar, og ber om forståing for at dette er prosessar som vil ta tid. På grunn av tvilen om utviklinga framover i tid, tilrår rådet at selskapet vert sett til observasjon.

# **Innhald**

<b>1</b>	<b>Innleiing</b>	<b>1</b>
1.1	Kva rådet har teke stilling til	1
1.2	Kjelder	2
<b>2</b>	<b>Bakgrunn</b>	<b>2</b>
2.1	Situasjonen i Myanmar	2
2.2	Dei økonomiske interessene til militærret i Myanmar	4
<b>3</b>	<b>Kirin si tilknyting til MEHL</b>	<b>5</b>
<b>4</b>	<b>Informasjon frå selskapet</b>	<b>6</b>
<b>5</b>	<b>Etikkrådet si vurdering</b>	<b>7</b>
<b>6</b>	<b>Tilråding</b>	<b>8</b>

# 1 Innleiing

Etikkrådet for Statens pensjonsfond utland (SPU) har vurdert fondet si investering i Kirin Holdings Co Ltd (Kirin)<sup>1</sup> opp mot kriteriet om alvorlige krenkingar av individ sine rettar i krig og konfliktsituasjonar i retningslinjene for observasjon og utelukking frå SPU (dei etiske retningslinjene).<sup>2</sup> Tilrådinga gjeld Kirin sitt forretningsamarbeid med militærer i Myanmar.

Kirin er eit japansk holdingselskap med fleire datterselskap som hovudsakleg har verksemd innan drikkevareproduksjon og farmasi. I Myanmar opererer selskapet gjennom datterselskapet Kirin Holdings Singapore Pte Ltd. Dette datterselskapet er med i to fellesføretak med militärkonglomeratet Myanmar Economic Holdings Limited (MEHL).

Ved utgangen av 2019 eigde SPU aksjar for om lag 2,19 milliardar kroner i Kirin, tilsvarande ein eigardel på 1,24 prosent i selskapet. Kirin er børsnotert på Tokyo Stock Exchange.

## 1.1 Kva rådet har teke stilling til

Etikkrådet har vurdert fondet si investering i Kirin opp mot dei etiske retningslinjene § 3 bokstav b: «Observasjon eller utelukkelse kan besluttes for selskaper der det er en uakseptabel risiko for at selskapet medvirker til eller selv er ansvarlig for (...) alvorlige krenkelser av individets rettigheter i krig og konfliktsituasjoner.»

Etter dei etiske retningslinjene § 6 (4) kan observasjon nyttast «der det er tvil om vilkårene for utelukkelse er oppfylt, om utviklingen framover i tid eller der det av andre årsaker finnes hensiktsmessig».

Etikkrådet har teke stilling til om det i denne saka føreligg ein konfliktsituasjon i retningslinjene sin forstand. Rådet legg i denne samanhengen vekt på om det ligg føre ein valdeleg situasjon der ulike organiserte grupper deltek i stridigheter som går utover intern uro og spente situasjonar. Rådet legg også vekt på om partane i konflikten eller relevante internasjonale organisasjonar anerkjenner at det føreligg ei væpna konflikt. Rådet legg til grunn at selskap som har verksemd i krig- og konfliktområder, må vere særleg aktsame for å ikkje medverke til grove normbrot.

I vurderinga av om selskapet har medverka til alvorlige krenkingar av individ sine rettar i krig og konfliktsituasjonar nyttar rådet internasjonalt anerkjende konvensjonar og autoritative tolkingar av desse. Genèvekonvensjonene består av fire traktatar som omhandlar vern av ofre for krig og konflikt. Desse konvensjonane har ein felles artikkel 3 som regulerer vern av sivile i ikkje-internasjonal væpna konflikt. Av denne føresegna følgjer det at sivile skal handsamast humant og utan diskriminering, og at overfor sivile er «vold mot liv og legeme, især mord i alle former, lemlestelse, mishandling, tortur og pinsler» alltid forbode. Overgrep som er beskrive i artikkel 3, vil også vere i strid med FNs konvensjon om sivile og politiske rettar, særleg retten til liv, fridom og tryggleik, samt fridom frå tortur og diskriminering på grunnlag av etnisitet og religion.

Når det gjeld selskap sin medverknad, legg Etikkrådet vekt på at det må vere ein konkret samanheng mellom selskapet si verksemd og krenkingane. Selskapet må enten aktivt ha medverka til normbrota eller hatt kunnskap om dei, men unnlate å forsøkje å hindre dei på ein

---

<sup>1</sup> Issuer ID: 113970.

<sup>2</sup> *Retningslinjer for observasjon og utelukkelse av selskaper fra Statens pensjonsfond utland,*  
<https://lovdata.no/forskrift/2014-12-18-1793>.

føremålstenleg måte. Etikkrådet meiner at terskelen for kva normbrot som kan føre til utelukking frå fondet, må vere høgare i saker som gjeld medverknad til andre sine normbrot, enn når normbrota skjer i selskapets eiga verksemrd. I kva grad terskelen for utelukking frå fondet er nådd, vil avhenge både av normbrota si grovheit og grada av tilknyting til selskapet.

Normbrota må vere pågåande, eller det må være ein uakseptabel risiko for at krenkingar kan skje i framtida. I vurderinga av risikoen for nye krenkingar kan tidlegare normbrot gi ein indikasjon på framtidige handlingsmønster. Rådet legg vekt på om selskapet har sett i verk tiltak som er eigna til å forhindre normbrot.

## 1.2 Kjelder

I denne saka har Etikkrådet nytta offentleg tilgjengeleg informasjon, mellom anna frå internasjonale domstolar, FN-organ, media, sivilsamfunn og offentlege styresmakter. Ei særleg viktig kjelde er FNs granskingsgruppe (Fact Finding Mission - FFM) som etterforska menneskerettsbrot i Myanmar på oppdrag frå FNs menneskerettsråd.

Rådet har også motteke informasjon frå selskapet, både i skriftleg og i eit møte i mai 2020.

## 2 Bakgrunn

### 2.1 Situasjonen i Myanmar

Etter fleire tiår med ulike militære regimer vedtok Myanmar i 2008 ei ny grunnlov som etablerte eit styresett med ein kombinasjon sivile og militære einingar. Ifølgje den nye grunnlova har militæret (Tatmadaw) kontroll på heile tryggleiksforvaltninga, inkludert forsvarsdepartementet. Militæret har også 25 prosent av plassane i parlamentet, nok til å blokkere endringar av grunnlova. Militæret er ikkje underlagt sivilt oversyn.

I mange år har det vore valdeleg konflikt mellom militæret og væpna grupper i Myanmar, noko som ha hatt svært negative konsekvensar for sivilbefolkninga. Dei fleste konfliktane har funne stad nord og aust i landet. Sidan 2012 har det også vore konflikt vest i landet som særleg har råka minoritetsgruppa rohingyaane. Rohingyaane er eit statslaust folk som i hovudsak er muslimar.

Som følgje av skuldingar om grove overgrep mot sivilbefolkninga i Myanmar oppretta FNs menneskerettsråd i april 2017 ei granskingsgruppe for å etterforske menneskerettsbrot i landet.<sup>3</sup> Kort tid etter, i august 2017, eskalerte situasjonen. Militæret sette i verk såkalla «klareringsoperasjoner» retta mot rohingyaane, noko som førte til at tusenvis vart drepne og minst 700 000 rohingyaar vart fordrevne. FN si granskingsgruppe leverte sin første rapport til Menneskerettsrådet i september 2018.<sup>4</sup> Rapporten beskriv systematiske og svært grove overgrep, inkludert drap, gruppevaldtekter, grov vald mot barn og brenning av heile landsbyar. Granskingsgruppa skildrar dei såkalla klareringsoperasjonane slik:

*The “clearance operations” constituted a human rights catastrophe. Thousands of Rohingya were killed or injured. Information collected by the mission suggests that the estimate of up to 10,000 deaths is a conservative one. Mass killings were perpetrated*

<sup>3</sup> FNs menneskerettsråd, *Situation of human rights in Myanmar*, 24. mars 2017, s. 3, <https://undocs.org/A/HRC/res/34/22>.

<sup>4</sup> FNs menneskerettsråd, *Report of the independent international fact-finding mission on Myanmar*, 12. september 2018, <https://undocs.org/en/A/HRC/39/64>.

*in Min Gyi (Tula Toli), Maung Nu, Chut Pyin and Gudar Pyin, and in villages in the Koe Tan Kauk village tract. In some cases, hundreds of people died. In both Min Gyi and Maung Nu, villagers were gathered together before the men and boys were separated and killed. In Min Gyi, women and girls were taken to nearby houses, gang raped, then killed or severely injured. Houses were locked and set on fire. Few survived.*

Granskingsgruppa konkluderte med at normbrota kan utgjere brotsverk mot menneskeheita og krigsbrotsverk, og at det føreligg indikasjonar på folkemord. Overgrep vart primært utført av dei militære styrkene, og rapporten namngir fleire høgtståande generalar som granskingsgruppa meiner bør etterforskast og straffeforfølgast i det internasjonale rettssystemet.

På bakgrunn av situasjonen som er beskrive i rapporten frå granskingsgruppa, kom FNs generalforsamling i januar 2019 med sterk kritikk av militærer sine overgrep mot sivilbefolkninga:<sup>5</sup>

*The General Assembly (...) strongly condemns the grossly disproportionate response of the military and the security forces, deplores the serious deterioration of the security, human rights and humanitarian situation and the exodus of more than 723,000 Rohingya Muslims and other minorities to Bangladesh and the subsequent depopulation of northern Rakhine State, and calls upon the Myanmar authorities to ensure that those responsible for violations of international law, including human rights violations and abuses, are held accountable and removed from positions of power.*

Basert på informasjonen frå granskingsgruppa pågår det no saker i både Den internasjonale domstolen<sup>6</sup> (brot på folkemordkonvensjonen) og Den internasjonale straffedomstolen (brotsverk mot menneskeheita).<sup>7</sup> I Den internasjonale domstolen har Myanmar argumentert for at det ikkje ligg føre prov på intensjon om folkemord, men at ein på same tid ikkje kan utelukke at dei militære styrkene kan ha brukta uforholdsmessig makt, og at det ikkje er skilt klart mellom væpna styrker og sivilbefolkninga. Myanmar anerkjenner at dette kan utgjere brot på den internasjonale humanitærretten.<sup>8</sup>

I oktober 2019 åtvara leiaren for FNs granskingsgruppe om at det framleis er stor fare for nye overgrep mot sivilbefolkninga i Myanmar.<sup>9</sup> I sitt innlegg i Den internasjonale domstolen i desember 2019 uttala statsministeren i Myanmar (*State Counsellor*) Aung San Suu Kyi at det er ei pågåande væpna konflikt i landet.<sup>10</sup>

---

<sup>5</sup> FNs generalforsamling, *Situation of human rights in Myanmar*, 22. januar 2019, s. 4  
<https://undocs.org/en/A/RES/73/264>

<sup>6</sup> Den internasjonale domstolen, *Application of the Convention on the Prevention and Punishment of the Crime of Genocide (The Gambia v. Myanmar)*, 23. januar 2020 <https://www.icj-cij.org/files/case-related/178/178-20200123-ORD-01-00-EN.pdf>.

<sup>7</sup> Den internasjonale straffedomstolen, *ICC judges authorise opening of an investigation into the situation in Bangladesh/Myanmar*, 14. november 2019 <https://www.icc-cpi.int/Pages/item.aspx?name=pr1495>.

<sup>8</sup> Den internasjonale domstolen, 2020, s. 16.

<sup>9</sup> FNs høgkommisær for menneskerettar, *UN Independent International Fact-Finding Mission on Myanmar calls on UN Member States to remain vigilant in the face of the continued threat of genocide*, 23 October 2019 <https://www.ohchr.org/EN/NewsEvents/Pages/DisplayNews.aspx?NewsID=25197&LangID=E>.

<sup>10</sup> Den internasjonale domstolen, *Public sitting held on Thursday 12 December 2019, in the case concerning Application of the Convention on the Prevention and Punishment of the Crime of Genocide (The Gambia v. Myanmar) – Verbatim Record*, s. 36,  
<https://www.icj-cij.org/files/case-related/178/178-20191212-ORA-02-00-BI.pdf>

## 2.2 Dei økonomiske interessene til militæret i Myanmar

På førespurnad frå FNs menneskerettsråd leverte granskingsgruppa fleire tilleggsrapportar i august og september 2019, inkludert ein rapport om dei økonomiske interessene til militæret i Myanmar.<sup>11</sup> I rapporten skriv granskingsgruppa at MEHL er eigd og drive av Tatmadaw, og at «*all shares in MEHL are held and managed by current or former military officers, regiments and units, and organizations led by former servicemembers.*»<sup>12</sup> Granskingsgruppa skriv vidare:

*Myanmar Economic Holdings Limited (...) are owned and influenced by senior Tatmadaw leaders, including the Commander-in-Chief Senior General Min Aung Hlaing and the Deputy Commander-in-Chief Vice Senior General Soe Win, responsible for gross violations of international human rights law and serious violations of international humanitarian law.*

Øvstkommanderande Min Aung Hlaing og nestkommanderande Soe Win er også sanksjonert av USA for alvorlege menneskerettsbrot i Myanmar.<sup>13</sup> Styreleiaren i MEHL er generalløytnant Hsan Oo, medan administrerande direktør er generalmajor Khin Maung Than som også er direktør for militære anskaffingar i Tatmadaw.<sup>14</sup>

Rapporten frå granskingsgruppa gir også ei oversikt over selskap som har fellesføretak med militærkonglomeratet MEHL, inkludert Kirin. Om dei utanlandske selskapa som er med i slike fellesføretak, konkluderer granskingsgruppa:

*Through such joint venture and commercial relationships, the Mission finds that any foreign business activity involving the Tatmadaw and its conglomerates MEHL and MEC poses a high risk of contributing to, or being linked to, violations of international human rights law and international humanitarian law. At a minimum, these foreign companies are contributing to supporting the Tatmadaw's financial capacity.*<sup>15</sup>

Granskingsgruppa kjem vidare med ei klar oppmading om å avslutte alt økonomisk samarbeid med militæret:

*No business enterprise active in Myanmar or trading with or investing in businesses in Myanmar should enter into a business relationship of any kind with the security forces of Myanmar, in particular the Tatmadaw, or any enterprise owned or controlled by them, including subsidiaries, or their individual members.*<sup>16</sup>

Granskingsgruppa understrekar at handel og næringsverksemd er positivt for Myanmar, men at dette er mogeleg utan samarbeid med militærkonglomerata.

---

<sup>11</sup> FNs menneskerettsråd, *The economic interests of the Myanmar military - Independent International Fact-Finding Mission on Myanmar*, 5. august 2019, [https://www.ohchr.org/Documents/HRBodies/HRCouncil/FFM-Myanmar/EconomicInterestsMyanmarMilitary/A\\_HRC\\_42\\_CRP\\_3.pdf](https://www.ohchr.org/Documents/HRBodies/HRCouncil/FFM-Myanmar/EconomicInterestsMyanmarMilitary/A_HRC_42_CRP_3.pdf)

<sup>12</sup> FNs menneskerettsråd, 5. august 2019 s. 18

<sup>13</sup> U.S. Department of the Treasury, *Treasury Sanctions Individuals for Roles in Atrocities and Other Abuses*, 10. desember 2019, <https://home.treasury.gov/news/press-releases/sm852>.

<sup>14</sup> FNs menneskerettsråd, *Independent International Fact-Finding Mission on Myanmar, Governance Structure of MEHL and MEC, August 2019*, [https://www.ohchr.org/Documents/HRBodies/HRCouncil/FFM-Myanmar/EconomicInterestsMyanmarMilitary/Infographic1\\_Governance\\_Structure\\_of\\_MEHL\\_and\\_MEC.pdf](https://www.ohchr.org/Documents/HRBodies/HRCouncil/FFM-Myanmar/EconomicInterestsMyanmarMilitary/Infographic1_Governance_Structure_of_MEHL_and_MEC.pdf)

<sup>15</sup> FNs menneskerettsråd, 5. august 2019, s. 5.

<sup>16</sup> FNs menneskerettsråd, 5. august 2019 s. 6.

### 3 Kirin si tilknyting til MEHL

I 2015 kjøpte Kirin ein eigardel på 55 prosent i Myanmar Brewery, den største ølprodusenten i Myanmar, for om lag 560 millionar USD.<sup>17</sup> MEHL eigde dei resterande 45 prosentane. Myanmar Brewery hadde i 2019 ei forteneiste på 12,9 milliardar JPY (*Normalised Operating Profit*),<sup>18</sup> og MEHL har uttala ar Myanmar Brewery er blant dei fellesføretaka som gir konglomeratet størst inntekter.<sup>19</sup>

I august 2017 investerte Kirin ytterlegare 4,3 millionar USD for 51 prosent eigardel i Mandalay Brewery.<sup>20</sup> På same tid selde Kirin tilbake fire prosent av Myanmar Brewery til MEHL.<sup>21</sup> Kirin eig no 51 prosent i begge selskapa. Både Myanmar Brewery og Mandalay Brewery vert drive som fellesføretak med Kirin og MEHL som partnerar. Styra i dei to selskapa består av tre styremedlemmer frå Kirin og to frå MEHL.<sup>22</sup>

Kirin har opplyst at fellesføretaka selskapet har med MEHL, kontrollerer 80 prosent av ølmarknaden i Myanmar.<sup>23</sup> Marknaden for sal av øl i Myanmar er vaksande, og Kirin har fleire internasjonale konkurrentar i landet.<sup>24</sup> Fleire av desse har etablert seg i Myanmar utan å inngå samarbeid med MEHL.

I 2017 gav Kirin og MEHL gav fleire donasjonar til militærer gjennom Myanmar Brewery. I september 2017 organiserte Tatmadaw tre donasjonsseremoniar for å samle støtte til dei såkalla klareringsoperasjonane i Rakhine.<sup>25</sup> Under den første seremonien som vart haldt 1. september 2017, gav Myanmar Brewery ein donasjon på minst 6 000 USD.<sup>26</sup> Donasjonen vart overrakt frå tilsette i Myanmar Brewery til øvstkommanderande i militærer under ein TV-sendt seremoni som vart vist på generalen si eiga Facebook-side.<sup>27</sup> Under denne seremonien sa øvstkommanderande Hlaing at delar av donasjonane skulle gå til operasjonane i Rakhine.

Kirin har også vorte kritisert for to andre donasjonar som vart gitt av Myanmar Brewery mellom 1. september og 3. oktober 2017.<sup>28</sup> Ein av desse donasjonane var ris og matolje til ein verdi av om lag 2000 USD, donert til styresmaktene i Rakhine for å hjelpe flyktningar. Den

---

<sup>17</sup> Reuters, *Kirin buys \$560 million stake in Myanmar's top brewer from F&N*, 19. august 2015, <https://www.reuters.com/article/us-kirin-holdings-myanmar/kirin-buys-560-million-stake-in-myanmars-top-brewer-from-fn-idUSKCN0QQ0AE20150819>.

<sup>18</sup> Kirin, *Summary of Consolidated Financial Results*, 14. februar 2020, <https://pdf.irpocket.com/C2503/ly8K/ilpy/Hx0Y.pdf>.

<sup>19</sup> Myanmar Times, *Military conglomerate hoping for more JVs*, 18. november 2016, <https://www.mmtimes.com/business/23774-military-conglomerate-hoping-for-more-jvs.html>.

<sup>20</sup> Myanmar Times, *Kirin expands market share with Mandalay Brewery JV*, 12. desember 2017, <https://www.mmtimes.com/news/kirin-expands-market-share-mandalay-brewery-jv.html>.

<sup>21</sup> Kirin, *Notice regarding the Acquisition of Mandalay Brewery by Kirin Holdings Singapore and a Transfer of 4% Ownership by Kirin Holdings Singapore in Myanmar Brewery*, 13. februar 2017, <https://pdf.irpocket.com/C2503/Wc5N/dFnS/rOIW.pdf>.

<sup>22</sup> Informasjon frå Kirin.

<sup>23</sup> Kirin, *Next Step in Overseas Growth Markets*, <https://www.kirinholdings.co.jp/english/ir/private/lounge/topics/001.html>.

<sup>24</sup> Kirin, *Summary of Consolidated Financial Results*, 14. februar 2020.

<sup>25</sup> FNs menneskerettsråd, 5. august 2019, s. 85.

<sup>26</sup> Kirin har anerkjend at det vart gitt ein donasjon på 6000 USD, men FN s granskingsgruppe rapporterte at donasjonen kan ha vore på så mykje som 13,000 USD.

<sup>27</sup> Amnesty International, *Japan: Investigate brewer Kirin over payment to Myanmar military amid ethnic cleansing of Rohingya*, 14 June 2018 <https://www.amnesty.org/en/latest/news/2018/06/japan-investigate-brewer-kirin-over-payments-to-myanmar-military-amid-ethnic-cleansing-of-rohingya/>.

<sup>28</sup> Korrespondanse mellom Kirin og Amnesty International, 2018 <https://app.box.com/s/1zxkmaey5oi3hmy3z133cldtuh7j03y9>.

andre donasjonen vart innsamla av Myanmar Brewery frå deira forretningsnettverk, og bryggjeriet sjølv bidrog med 7200 USD.

## 4 Informasjon frå selskapet

Rådet har hatt skriftleg kommunikasjon med selskapet sidan hausten 2019. I mai 2020 vart det også haldt eit møte mellom rådet og selskapet. Kirin gir uttrykk for at selskapet tek menneskerettane på største alvor, og at denne saka er har svært høg prioritert i selskapet. Kirin har teke opp menneskerettsspørsmål og rapporten frå FN si granskingsgruppe i møte med MEHL ved fleire høve.

Kirin peikar på at det i avtalane selskapet har med MEHL, går tydeleg fram at inntekter frå fellesføretaka ikkje skal gå til militære føremål. I juni 2020 sendte selskapet ei oppdatering om at konsulentsselskapet Deloitte er hyra inn «*to conduct an independent review of MEHL's financial and governance structures to determine the destination of proceeds from the joint-venture businesses Myanmar Brewery Limited and Mandalay Brewery Limited as a matter of urgency. In parallel, Kirin is exploring alternative structural options for the ownership of the Myanmar joint-ventures as part of a review of the business relationship with MEHL*».<sup>29</sup>

Selskapet ber om forståing for at denne prosessen kan ta noko tid.

Selskapet har forklart at då Kirin først gjekk inn i partnarskap med MEHL, var det få andre aktørar på marknaden, og militærkonglomerata var i praksis einaste alternativ ved etablering i Myanmar. På den tida var det også knytt stor optimisme til at Myanmar skulle gå frå militærregime til sivilt styre, og ein såg ikkje føre seg eskaleringa av situasjonen for rohingyaane. Kirin oppfatta MEHL primært som eit pensjonsfond for militære. Forsvarsdepartementet hadde imidlertid også ein eigardel i selskapet, og mellom anna på Kirin si oppmoding selde departementet seg ut av MEHL. For å vere heilt trygge på at inntekter frå fellesføretaka ikkje likevel ville gå til militære føremål, fekk Kirin også inn ein klausul i kontrakten som regulerte dette.

Kirin har vidare forklart at selskapet har gjennomført ein *Human Rights Impact Assessment Summary Report on Myanmar*, og at både denne og selskapets menneskeretts-policy er presentert for MEHL. Selskapet har også drøfta situasjonen med sitt *International Advisory Board*, som gir råd til selskapet på risikohandtering og selskapsstyring.

Kva gjeld donasjonane, har Kirin uttala at donasjonane blei gitt som ein respons på ein førespurnad om humanitær hjelp til offer av konflikten.<sup>30</sup> Kirin har vidare gitt uttrykk for at dei har engasjert ein ekstern ekspert for å evaluere Myanmar Brewery sin donasjons-praksis. På bakgrunn av denne gjennomgangen har selskapet oppdatert sin *Charitable Donations Policy and Volunteering Policy*. Denne vart publisert i august 2019. Kirin organiserte også møter med MEHL i august og oktober 2019 for å vere sikre på at dei forstod dei nye retningslinjene.

---

<sup>29</sup> *Progress Report Regarding Kirin's Operations in Myanmar*, 5. juni 2020,  
[https://www.kirinholdings.co.jp/english/news/2020/0605\\_01.html](https://www.kirinholdings.co.jp/english/news/2020/0605_01.html).

<sup>30</sup> Amnesty International, *Japan: Investigate brewer Kirin over payment to Myanmar military amid ethnic cleansing of Rohingya*, 14. juni 2018, <https://www.amnesty.org/en/latest/news/2018/06/japan-investigate-brewer-kirin-over-payments-to-myanmar-military-amid-ethnic-cleansing-of-rohingya/>.

## 5 Etikkrådet si vurdering

Etikkrådet har vurdert om det er ein uakseptabel risiko for at Kirin medverkar til alvorlige krenkingar av individ sine rettar i krig og konfliktsituasjonar gjennom sitt forretningsamarbeid med militæret i Myanmar.

Rådet merkar seg innleiingsvis at styresmaktene i Myanmar har bekrefta at det er ei pågående væpna konflikt i landet. Overgrep mot sivilbefolkninga i Myanmar, inkludert rohingyaane, er veldokumenterte og utgjer alvorlege brot på humanitærretten og menneskerettane. Normbrota er ekstremt grove, slik som massedrap, seksuell vald og tortur. På grunn av grovheita og omfanget av normbrota er dei ansvarlege aktørane under etterforsking for brotsverk mot menneskeheita og folkemord. Rådet legg vekt på at overgrep råkar svært mange, og på at ein stor del av offera er rohingya – ei utsett gruppe som allereie var sårbare for overgrep. Med omsyn til risikoen for framtidige normbrot merkar rådet seg at FNs granskingsgruppe rapporter at det er stor fare for nye overgrep frå militæret si side.

Kva gjeld Kirin si medverknad til normbrota, legg rådet til grunn at selskapet må utvise ei særleg aktsemrd når det operer i krig- og konfliktsituasjonar. Rådet byggjer vidare på granskingsgruppa si fråsegn om at forretningsamarbeid med MEHL utgjer ein høg risiko for å medverke til brot på menneskerettane og internasjonal humanitærrett.

Forretningsamarbeidet kan også gi legitimitet til militæret og aktørane som er ansvarlege for grove overgrep i Myanmar. Samstundes vil rådet understeke at ikkje alle uetiske handlingar som ein forretningspartner gjer, vil kunne danne grunnlag for ei tilråding frå Etikkrådet. I kva grad terskelen for utelukking frå fondet er nådd, vil avhenge både av grada av tilknyting og normbrotet si grovheit. Sjølv om det på tidspunktet då Kirin gjekk inn i fellesføretaka var høge forventningar til utviklinga i Myanmar, meiner rådet at offentleg tilgjengeleg informasjon om militæret sine overgrep har gitt Kirin grunn til å vere særleg aktsam overfor MEHL.

Når det gjeld donasjonane som vart gitt gjennom Myanmar Brewery, meiner rådet at sjølv om donasjonane ikkje var store, kan donasjonane ha bidrige til å legitimere dei grove overgrepene gjort av militæret. Rådet merkar seg at donasjonane vart gitt på eit tidspunkt då internasjonale medier rapporterte om svært grove overgrep gjort av dei militære styrkene. Rådet meiner likevel at tiltaka selskapet har sett i verk, er eigna til å hindre at slike donasjonar vert gitt i framtida.

Rådet legg i denne saka særleg vekt på at normbrota er ekstremt grove, og at Kirin ikkje har vore tilstrekkeleg aktsam i sitt val av forretningspartner i eit land der har vore ei pågåande væpna konflikt i mange år. Samstundes meiner rådet at det er positivt at Kirin vurderer å endre si verksemrd i Myanmar. Rådet har også forståing for at dette er prosessar som kan ta tid. På grunn av tvilen om utviklinga framover i tid når det gjeld Kirin si verksemrd i Myanmar, tilrår rådet at selskapet vert sett til observasjon.

## **6 Tilråding**

Etikkrådet tilrår å sette Kirin til observasjon under kriteriet om alvorlige krenkingar av individ sine rettar i krig og konfliktsituasjoner.

\*\*\*

Johan H. Andresen     Hans Chr. Bugge     Cecilie Hellestveit     Trude Myklebust     Brit K. S. Rugland  
Leder  
(Sign.)                        (Sign.)                        (Sign.)                        (Sign.)                        (Sign.)